

Hellandsfjellet



FAKTA

Trimpoeng:	3
Høgde over havet:	122 m
Lengd merka løype:	1) 1,1 km 2) 1,3 km
Stigning merka løype:	1) 105 m 2) 140 m
Underlag/terreng:	Mark, torv / stein, myr, torv
Signeringar i 2013:	389

OM STADEN

Hellandsfjellet er bindeleddet mellom Rinden og Grøntua, og ligg idyllisk til ved enden av Sandsvågen sett frå aust. Den relativt låge fjelltoppen, og dei omliggande høgdene, vernar grendene Våge og Helland mot det rufsete vêret som ofte kjem inn frå havet. Difor kan det ofte vere ganske vindfullt på Hellandsfjellet, som også er den femte toppen på Sjutoppsturen som vert arrangert kvar langfredag i påska.

TURALTERNATIV

Det er merka tilkomst både frå Våge og frå Hellandsvågane. Kortast og lettast er turen frå austsida, frå Våge, men om ein vel å gå frå Hellandsvågane, kan ein lett besøke boka der også. Det er ein liten svipp på om lag 500 ekstra meter tidleg på turen. Frå parkeringsplassen i Hellandsvågane er det **1,3 km**. Første del er lett terreng ned til fjørkantane før det ber jamt og trutt oppover fjellryggen frå vest mot aust.

Frå Våge er det ein del slakare, og i tillegg er det ein del færre høgdemeter. Turen på **1,1 km** går først oppover dei dyrka markene, før ein går gjennom utmarksgjerdet og vidare utover. Dette er ein tur dei fleste klarer.

BILETE

